

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 24.10.2016 kl. 13.00  
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Arnfinn Rune Giske, Karin Kalvø Giske og varamedlem Bjørn Tunheim

**= 5 voterande**

Gunnar Morsund hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.  
Frå Giske kommune møtte økonomisjef Ann Kristin Thue i sak 08/16

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge:

05/16, 08/16, 06/16, 07/16 09/16 og 10/16.

**SAK 05/16  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 2. JUNI 2016**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 2. juni 2016 blir godkjent.

**SAK 06/16  
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLLI GISKE KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.10.2016

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen ivaretek sine eigarinteresser.

**SAK 07/16  
KONSEKVEN SAR AV Å VERE I ROBEK-REGISTERET**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.10.2016

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 08/16  
BUDSJETTOPPFØLGING**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.10.2016  
Orientering gitt av økonomisjef Ann Kristin Thue

Prognosane førespeilar eit underskot på om lag 15 mill. kroner og skuldast hovudsakleg svikt i inntekter innan finansforvaltning, meirutgifter på premieavvik for pensjonar og meirutgifter innan helse og omsorg.

Det blir arbeidd med tiltak for å betre balansen. Eksempel på tiltak er kutt i tenester, betre samordning av tenester og tiltak mot sjukefråvær og vurdering av skulestruktur.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering og vidare oppfølging. Oppfølging gjeld også finansforvaltninga.

**SAK 09/16  
DRØFTING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.10.2016

Dagleg leiar i kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen, orienterte om korleis planarbeidet var tenkt lagt opp. Kontrollutvalet vart oppmoda om å kome med innspel.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 10/16**  
**EIGENVURDERING AV UAVHENGIGHEIT FRÅ REVISOR**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.10.2016

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Neste møte 12. desember.

Dag Oksnes  
fung. leiar  
(sign)

Anne Lise H. Følsvik  
medlem  
(sign.)

Anfinn Rune Giske  
medlem  
(sign.)

Karin Kalvø Giske  
medlem  
(sign.)

Bjørn Tunheim  
varamedlem